



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

Kommunal beredskapsplikt

Smøla kommune

Tilsynsdato: 20.05.2015

Rapportdato: 18.06.2015

Innhold

1	BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING	3
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING	3
1.3	TILSYNSTEMA	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5	GJENNOMFØRING	5
2	HOVUDINTRYKK	6
3	RESULTAT FRÅ TILSYNET	7
3.1	AVVIK	7
3.2	MERKNADER	8
4	VIDARE OPPFØLGING	9

1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

Tidspunkt for tilsynet:	10.02.2015 (formøte) 20.05.2015 (tilsyn)
Adressa til kommunen:	Postboks 34, 6571 Smøla
Kommunennummer:	1573
Kontaktperson i kommunen:	Magne Gjernes
Fylkesmannen sitt tilsynslag:	Ketil Matvik Foldal (tilsynsleiar) Atle Morsund
Tilsynsrapporten er skriven av:	Atle Morsund
Tilsynsrapporten er godkjent av:	Helge Mogstad
Førebels tilsynsrapport sendt:	28.05.2015
Endeleg tilsynsrapport sendt:	18.06.2015
Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:	01.09.2015

1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Smøla kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar og det skal førast tilsyn med den einskilde kommune minimum kvart fjerde år.

1.3 Tilsynsystema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2014 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2014 og 2015.

1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Smøla kommune - Overordnet ROS-analyse	24.09.2014
2.	ROS-analyse av havnivåstigning, stormflo og bølgepåvikning for Været	25.11.2013
3.	Smøla kommune – beredskapsplan med vedlegg	25.09.2014
4.	Saksframlegg og vedtak i Smøla kommunestyre – beredskapsplan	25.09.2014
5.	Planstrategi 2012 – 2016	27.09.2012
6.	Kommuneplan 2007 – 2019 Samfunnsdel	06.02.2007
7.	Smittevernplan for Smøla kommune	00.04.2004
8.	Plan for helsemessig og sosial beredskap i Smøla kommune	00.08.2009
9.	Notat til Plan for helsemessig og sosial beredskap i Smøla kommune	05.02.2014
10.	Brannordning med kartlegging og vurdering av risiko	29.10.2009
11.	Arbeids- og sikkerhetsinstruks for feiing i Smøla kommune	Ikkje datert
12.	Smøla kommune Veiholmen – Brannsikringsplan	20.04.2010
13.	Instruks for brannsjef og stedfortreder i Smøla kommune	Ikkje datert
14.	Instruks for utrykningsledere og brankonstabler i Smøla kommune	Ikkje datert
15.	Oversiktskart – brannobjekter/brannstasjoner	Ikkje datert
16.	Beredskapsplan mot akutt forurensing	01.08.2007
17.	Plan for sikkerhet og beredskap for vannforsyningen	25.11.2011
18.	HMS-plan Innsmøla skole	18.01.2011
19.	Øvelse Fårikål 2013 – referat frå Smøla kommune (U.off i h.h.t. Off.lova §21)	28.10.2013
20.	Øving Fårikål 2012 - møtereferat	24.09.2012
21.	Logg – vedlegg til kriseplan 2012	Ikkje datert
22.	Notat – tiltak iverksett etter bekymringsmelding (U.off i h.h.t. Off.lova §21)	13.02.2015
23.	Møtereferat frå evaluering av beredskap/kriseteam (U.off i h.h.t. Off.lova §21)	11.02.2014
24.	Rapport pr. 1. august 2013 (U.off i h.h.t. Off.lova §13, jf. FVL §13 nr.1)	12.12.2013
25.	Sjekkliste for gjennomføring av kriseledelsens første oppgaver	01.08.2013
26.	Tilsynsrapport – DSB. Tilsyn med brann- og redningsvesenets forebyggende arbeid	26.07.2013
27.	Tilsynsrapport – Mattilsynet. Smøla Vannverk	03.06.2009
28.	Modell for administrativ organisering i Smøla kommune – organisasjonskart	Ikkje datert

1.5 Gjennomføring

Formøte med Smøla kommune vart gjennomført 10.02.2015. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 20.05.2015. Kven som deltok går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Roger Osen	Ordførar	X	X	X	X
Tove N. Rokstad	Varaordførar		X		X
Kirsten Stensø Skaget	Rådmann	X	X	X	X
Magne Gjernes	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Oddrun Skomsøy	Leiar publikumssenteret	X	X		X
Birgit Iversen Eckhoff	Rådgjevar	X			
Bjarne Bekken	Brannsjef, einingsleiar teknisk		X		X
Kjetil Rangnes	IKT-ansvarleg		X		X
Ketil Matvik Foldal	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X

2 Hovudintrykk

Alle vesentlege element i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og arbeidet framstår som systematisk og gjennomtenkt.

Heilskapleg ROS-analyse er på plass, og analysen framstår som grundig og god. Analysen er ikkje heilt tilpassa nye forskriftskrav og manglar vurdering av kommunen si evne til å takle ekstraordinære situasjonar og vurdering av behov for befolkningsvarsling og evakuering.

Kommunen sitt arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap er godt forankra på strategisk nivå, i mellom anna planstrategi, kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunestyrehandsaming av ROS-analyse og beredskapsplan.

Beredskapsplanverket er gjennomarbeidd, tilpassa lokale behov og oppdatert. Forbetringspotensialet ligg i forenkling snarare enn nybrottsarbeid. Plan for befolkningsvarsling er utydeleg.

Kommunen hadde sannsynlegvis vore tent med eit oversikts- eller styringsdokument som kan fungere som eit bindeledd mellom strategisk plannivå og beredskapsdokumentasjonen, og som oversikt over ROS-analysar, planverk og korleis kommunen skal arbeide (og arbeider) med samfunnstryggleik og beredskap.

3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte eitt avvik. To forhold er kommenterte som merknader.

3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik nr. 1

Den heilskaplege ROS-analysen til Smøla kommune omfattar ikkje vurdering av kommunen sin evne til å oppretthalde drifta ved uønskte hendingar og vurdering av behovet for befolkningsvarsling.

Regelverkstilvising:

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2, tredje ledd, litra e og litra f.

Utdjupande kommentar:

Forskrift om kommunal beredskapsplikt listar i § 2 opp ei rekkje minimumskrav til kva ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse skal innehalde. Vurderingar av kommunen si evne til å oppretthalde verksemda under uønskte hendingar og evna til å gjenoppta verksemda etter hendingar er blant desse. Det same gjeld vurdering av behovet for befolkningsvarsling og evakuering.

3.2 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

Merknad nr. 1

Kommunen sin plan for befolkningsvarsling er utydeleg og beredskapsplanen har eit generelt potensial for betre framstilling, etter gjennomgang av form og innhald.

Forskrift om kommunal beredskapsplikt listar i § 4 opp ei rekkje minimumskrav til kva kommunen sin beredskapsplan skal innehalde. Plan for befolkningsvarsling er blant desse. For å kunne oppfylle kravet viser kommunen til beredskapsplanen sin informasjonsplan og handlingsplanar for hendingar. Etter fylkesmannen si vurdering kan planverket for varsling av befolkninga gjerast tydelegare.

Merknad nr. 2

Kommunen bør vurdere å utarbeide eit styringsdokument som kan fungere som operativ overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap – eit bindeledd mellom strategiske planar og ROS-analysar, beredskapsplanverk og aktivitet. Eit slikt dokument vil kunne styrke fleire forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men der kommunen har forbettringspotensial – for eksempel:

- tydelegare oversikt over kommunen sitt samla beredskapsplanverk
- tydelegare rutinar for faste møte i kriseleiinga og beredskapsrådet.
- tydelegare rutinar for gjennomføring av opplæring og øvingar
- tydelegare rutinar for evaluering – både av øvingar og reelle hendingar

4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis det avdekte avviket skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Ketil Matvik Foldal, ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no, 71258483 / 41693480.